

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 62/2005

Møtedato: 7.12.05

Arkiv nr: S 878

S 878, Lykkjastølen – vilkår for beiteutvisning og byggeløyve

Statskog skriv i brev datert 7.9.05:

Jeg fikk i går en telefonhenvendelse fra Kjellaug Skogen, hyttefester i Baklia. Etter det jeg forstod hadde hun også ringt dere.

Hun mener stølen ikke er tatt i bruk til mjølkeproduksjon slik forutsetningene var og at de 2 husene som er ført opp brukes til utleie.

Når det gjelder beiteutvisningen av 12.03.99 står det under pkt. 1 at beitet bare tillates brukt til beite for mjølkekyr i forbindelse med produksjon av sommermjølk på stølen. Iflg pkt. 3 står det at utvisningen bortfaller etter 5 år dersom den ikke er tatt ibruk.

Etter det jeg har fått opplyst er det bare ungdyr som beiter på utvisningen. Beitet er vel da tatt ibruk men ikke etter forutsetningene og nå bortfalt.

Oddbjørn Fauske er bedt om merknader til saka og han skriv i brev datert 22.11.05 følgjande:

Viser til brev frå dykk av 17.11.05. Det vert her bedt om å få opplyst kva planar ein har for bruk av stølen, og beiteutvisinga av 12.03.99. 1 tillegg vart ein anmoda om eventuelt å senda ein søknad om endring av vilkåra.

Sidan beiteutvidinga har dyretalet auka slik at behovet for beite er enda større i dag enn ved utvisinga. Ut frå dei politiske signalene om meir kjøttproduksjon, medan ein fortsett har , kvoter for mjølk, har ein utvida kutalet med ammekyr. Eg satser på sommarmjølk, der eg for tida har mjølkekyrne på gode sommerbeite heime, og har brukt Lykkjastølen til ammekyr og ungdyr. På Lykkjastølen beiter det nå 20-30 ammekyr, i tillegg til mykje ungdyr, til saman kring 60 dyr. Sjølv med beiteutvidinga blir det inngjerda arealet her for lite. Nåverande beitebruk med mjølkekyrne heime og ammekyrne og ungdyra på stølen synest mest praktisk, både arbeidsmessig og ved at beitene heime er betre for produksjon av sommarmjølk. I tillegg kan ein då spare oppsetting av fjøs/mjølkebu på stølen.

Det er ønskeleg å kunna stå litt fritt med omsyn til korleis ein fordeler dyra på dei ulike beitene i framtida. Derfor vil ein be om at vilkåra for bruk av utvisinga kan verta endra til generell bruk for beiting, eller helst som tilleggsjord til bruket.

Det er ein del påstandar frå Skogen som er feil. Selet er ikkje gjort ferdig og blir derfor ikkje brukt til utleige. Stølen blir også brukt til ammekyr, ikkje berre ungdyr.

I retningslinene for tildeling av tilleggsjord var det tidlegare krav om at tilleggsjord ikkje kunne tildelast på ein slik måte at produksjonen kunne aukast. Landbrukspolitikken har forandra seg mykje 1990-talet og det er no forventa at brukarane utnyttar det potensiale som er. Gardbrukarane er avhengige av å følgje dei nye virkemidla om ein ynskjer å halde fram drifta.

For Fauske er det økonomisk lønsamt å utnytte beite heime til mjølkeproduksjon og la ammekyr/ungdyr beite på stølen. Dette gjer at Fauske ikkje kan gjennomføre tiltaka som han hadde planlagt. Fauske har det største husdyrhaldet i kommunen og prøver å gjennomføre ein så rasjonell produksjon som mulig. Dette er i samsvar med dagens landbrukspolitik. Etter § 2 i fjellova skal bruk kunne praktiseras etter tida og tilhøva for å kunne oppnå eit aktivt og levande stølsbruk.

Det er knytt vilkår til utvising om at stølen skal brukast til beite for mjølkekyr. Det kan vera eit definisjonsspørsmål om ammekyr oppfyller kravet. Etter fjellstyret sitt syn er dette ikkje så vesentleg. Stølsbrukaren må få bruke jorda på den måten som tener bruken av garden best til kvar tid. Ynskjer vi eit aktivt stølsbruk, kan ikkje utgatte landbrukspolitiske virkemiddel setja grenser for stølsbruket.

Fjellstyret har tidlegare gjort vedtak om at Fauske kunne føre opp sel på dei same vilkår som vart knytt til tilleggsjorda. Fjellstyret oppfattar søknaden til å gjelde endring av desse vilkåra også.

Vedtak:

Fjellstyret meiner det er avgjerande for jordbruksdrifta at ein kan bruke areala i fjellet i samsvar med det som til kvar tid tener bruken av garden best. Fjellstyret vil derfor på det sterkast tilråda at Fauske får sletta vilkåra om mjølkeproduksjon og at arealet blir definert som vanleg tilleggsjord.

Fjellstyret finn at det er behov for oppførte stølshus og slettar vilkår om tradisjonell stølsdrift som er knytt til vedtaket. Brakker som står på stølen må fjernast når selet kan takast i bruk.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.12.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Oddbjørn Fauske
Vestre Slidre kommune